




4. trinn Salhus skule veke 8

Tid	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
8.30	Norsk Lesekvart Argumenterende tekst ulv  Matematikk Tredimensjonale figurar 	Kunst & handverk 	Timen livet  Bibliotek FYFO Engelsk "The owl who was afraid of the dark" 	Matematikk Tredimensjonale figurar  Norsk Forteljarstol Aurora	Matematikk Lesekvart Vekas 4 Gongetest Stjerner i Salhus Talentiaden Stjerner i Salhus Publikumsprisen 
10.35	Mat med midttime				
11.30	Matematikk Jakt på geometriske figurar i Salhus 	Stasjonsundervisning 3 lesestasjonar 	Norsk Argumenterende tekst ulv Tema Ulike typar energi Energi skiftar form Korleis energi skiftar form? 	Stasjonsundervisning 3 lesestasjonar 	Premieutdeling Stjerner i Salhus 
Slutt:	13.15 alle dagar				

Heimearbeid:


- Lesebingoark, lese minst 10 minutt kvar dag. 10 minutt er 2 ruter/kryss. Hugs å ta med alle ferdig utfylte lesebingoark til fredag om du skal vere med i trekninga av bokpremie.
- **Engelsk**, lekse til **tysdag**: øv på å uttale og skrive glosene på engelsk og norsk. Lekse til **onsdag**: les (2 gongar) og oversett (1 gong) teksten i engelskmappa ("The owl who was afraid of the dark").
- Uteskule måndag, kle deg til å vere ut etter lunsj, jakta på geometriske figurar i Salhus.
- Hugs blyant og viskelær kvar dag.
- Ta med biblioteks bøker til onsdag.
- Aurora i forteljarstolen torsdag. Hugs å førebu deg Aurora på kva du skal fortelje.
- Hugs å ta med deg leksepermen til skulen fredag. Vi skal samle den inn, slik at vi kan sette inn heimearbeidet for veke 10 i permen.



Glossary week 6-8

owl= ugle afraid of=redd for nest=reir firework=fyrverkeri dark=mørk, mørkt
black=svart exciting=spennande old=gammal

Mål vi jobbar mot denne veka/perioden:

Norsk 	Kap. 4. Villdyr Etter dette kap. skal eg kunne: - Vite kva eit verb er og bøye dei i (infinitiv) presens og preteritum Lesing/skriving - Eg kjenner til dei tre leseformene: oversiktslese, leitelese og djupnelese. - Velge bøker ut frå egne interessar og lesedugleik - Lese tekstar med flyt og forståing og bruke lesestrategiar målretta for å lære (før, under og etter lesing) - Skrive tekstar med funksjonell handskrift og med tastatur - Bruke komma og andre skiljeteikn - Skrive små og store bokstavar.	Ekspertord - djupnelese - oversiktslese - leitelese - OBI - Synonym - Antonym - Verb, infinitiv, presens og preteritum - kjelde - faktatekst
Matematikk 	Kap. 4, Geometri <u>I dette kapittelet skal eg lære å:</u> - Påvise rette, stumpe og spisse vinklar - sette namn på mangekantar og tredimensjonale figurar - beskrive eigenskapar ved mangekantar og tredimensjonale figurar - sjå kva flater nokre tredimensjonale figurar er sette saman av 	Matematiske ord - Rette, spisse og stumpe vinklar - parallelle linjer - kantar - hjørne - sideflater - mangekantar - To- og tredimensjonale-figurar - addisjon, subtraksjon, multiplikasjon og divisjon
Engelsk 	Læringsmål - Eg kan lese og forstå den engelske teksten "The owl who was afraid of the dark". - Eg kan uttale og skrive dei nye orda riktig. - Eg kan fortelje om ein tekst eg har lese. - Eg kan lage setningar med dei nye orda.	
Tema	Læringsmål - utforske observerbare storleikar, som fart og temperatur, og knyte dei til energi - samtale om kva energi er, og utforske ulike energikjeder - utforske teknologiske system som er sette saman av ulike delar, og beskrive korleis delane fungerer og verkar saman	

Norsk: Denne veka skal du skrive ein argumenterande tekst knytta til om vi bør ha ulv eller ikkje i Noreg. Vi skal lese tekstar om ulv og sjå ein eksempeltekst før elevane får i oppgåve å skrive ein argumenterande test sjølv om temaet. I stasjonsundervisninga skal vi lese tekstar om rovdyr i Noreg. Det er Aurora sin tur til å vere i forteljarstolen torsdag denne veka. Hugs å førebu deg heime på kva du skal fortelje Aurora.

I **tematimane** skal vi jobbe vidare med energi. Vi skal lære om ulike formar for energi og korleis energi kan skifte form.

I **matematikk** skal vi jobbe med to og tredimensjonale figurar. Måndag skal vi jakte på geometriske figurar i Salhus. Vi skal ta bilete av figurane vi finn og sortere figurane etter ulike kategoriar i skjema.

Engelsk: Leksa til onsdag er å lese og oversetje teksten "The owl who was afraid of the dark". Du finn teksten i engelskmappa di. Leseleksa framover vil bli gitt slik, slik at lærebøkene ligg på skulen.

Fredag er det **Stjerner i Salhus**. Arrangementet startar kl. 9.30 i gymsalen. Kl. 11.45 blir vinnarane i dei tre kategoriane, Stjerner i Salhus, Talentiaden og publikumsprisen kåra. Føresette er velkomen til arrangementet.